



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/75573-4

Dykkar referanse:
20/5146 – 21/77611

Vår dato:
15.02.2022

Uttale til høyring av utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2022–2034 – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 17.11.2021. Saka gjeld høyring av utkast til samfunnsdelen til kommuneplan for Alver 2022–2034. Frist for uttale er sett til 15.02.2022.

Om planarbeidet skriv Alver kommune

«Med denne samfunnsdelen skriv vi det første kapittelet i historia til Alver kommune. Planen teiknar eit bilete av visjonen vår– kva samfunn vi ønskjer at Alver skal vere. Planen har fire hovudmål som du kan lese meir om i kapittel 5. Den første delen av kapittelet skildrar framtidvisjonen vår. Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil vere ei nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen»

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Alver kommune har etter det vi kan sjå gjort eit godt arbeid med tanke på å sikre medverknad frå ulike interessegrupper i dette planarbeidet. Metodebruk er synleggjort i pkt. 3 og ulike innspel kjem fram på kommunen si nettside som rapporter frå medverknadsperioden.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I utkastet til samfunnsdel har ein fått fram eit bilde av kva ein kommuneplan er og korleis arbeidet med samfunnsdelen heng saman med arealplanlegging etter plan- og bygningslova (KPA). Vi kan ikkje sjå at det er sagt noko om korleis samfunnsdelen heng saman med økonomi (økonomiplan) slik mange kommunar vel å gjere når samfunnsdelen skal utarbeidast.

Alver kommune forklarar korleis arbeidet med samfunnsdelen byggjer på FN sine berekraftsmål og kva kommunen sjølv legg i omgrepet berekraftig utvikling. «*Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til oss som lever i dag, utan at det går ut over komande generasjonar*». Omgrepa «sosial berekraft», «økonomisk berekraft» og «miljømessig berekraft» vert nærare omtalt.

Samfunnsdelen inneheld 4 hovudmål med tilhøyrande delmål og strategiar:

1. Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn
2. Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremte industriklynge
3. Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga
4. Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

Hovudmåla representerer effektmål som peikar ut kva Alver kommune vil oppnå med kommuneplanen sin (samfunnsdelen). Hovudmåla byggjer på FN sine berekraftsmål som i dette tilfellet vil representere det overordna samfunns målet. Hovudmåla er vidare delt opp i ulike delmål. I samband med kvart delmål er det utarbeidd ei liste over vegval som seier noko om korleis ein skal jobbe for å oppnå den samfunnsutviklinga ein ynskjer.

Alver kommune har i høyringsbrevet bedt høyringsinstansane om sei si meining om målsettingane og om høyringsutkastet tar tak i dei viktigaste utfordringane i kommunen.

Etter Statens vegvesen si vurdering har Alver kommune i hovudsak lukkast med å synleggjere kva samfunnsutvikling ein vil leggje til rette for gjennom arbeidet med ny kommuneplan. Under hovudmål nr. 1 vert det til dømes synleggjort at kommunen vil leggje opp til ein tredelt senterstruktur gjennom å byggje vidare på og samle tilbod i sentrera.

Når det gjeld andre mål og tilhøyrande vegval er det noko meir uklart kva kommunen meiner representerer berekraftig utvikling. I samfunnsdelen vert det sagt at det er eit mål at «*Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen*.» Dette målet skal ein mellom anna oppnå gjennom å leggje til rette for spreidd bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.

Statens vegvesen har forståing for at det er behov for å halde liv i bygder, men er samstundes generelt negativ til bruk av arealføremålet LNF spreidd i kommuneplan. Dette fordi erfaring viser at ledige LFN-spreidd kvoter ofte kjem i konflikt med det faktum at det ikkje mogeleg å få på plass gode løysingar for mjuke trafikantar på slike stader.

Prinsipp for arealbruk er omtalt under pkt. 6. Her også prinsipp som er viktige for å sikre kvalitet i bumiljøa i kommunen lista opp. (pkt. 6.2). Kommunen stiller fleire kvalitetskrav til bustadområde. Samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel) er et av dei. Kvalitetskrav knytt til spreidd busetnad er omtalt som eige kulepunkt. Trafikktryggleik er ikkje tatt med her sjølv om dette er eit viktig vurderingspunkt. Der trafikktilhøva er dårlege bør det etter Statens vegvesen si vurdering ikkje opnast opp for utviding av LNF-spreidd føremål eller ytterlegare fortetting i bustadområde. Slike søknader bør handsamast som dispensasjonssaker med ei konkret trafikal vurdering knytt til den enkelte sak. Statens vegvesen saknar ei meir heilskapleg vurdering knytt til det å opne for spreidd bustadbygging i alle byder i heile kommunen. Spesielt i høve til Byvekstavtale og nullvisjon (trafikktryggleik).

Under punktet prinsipp for senterutvikling (pkt. 6.3) har Alver kommune sagt noko om kva eit senter er og bestemt seg for å dele senterstrukturen i tre. Sentera er plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av innbyggjartal og kva for servicenivå kvart senter skal kunne tilby.

Basert på vurderinga av nye nærsenter opp i mot fastsette kriterie i rapporten «Senterstruktur i Alver – Siling og tilråding» er det lagt inn tre nye nærsenter. Alver kommune skriv: *«Med denne senterstrukturen bur 80% av innbyggjarane i Alver innanfor ein 5 km. radius til eit definert senter.»*

Ny senterstruktur i Alver kommune:

- *Kommune- og regionsenter: Knarvik*
- *Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet*
- *Nærsenter: Vikebø, Bøvågen, Myking, Alversund og Seim»*

Statens vegvesen er positiv til at ein har definert senterstruktur på denne måten og at samfunnsdelen har med seg prinsipp som skal vere utgangspunkt for å nå måla for vidare utvikling, samt prinsipp for avgrensing av sentera og sentrumsfunksjonane. Behov for oppgradering av tilbod for mjuke trafikantar på einskilde strekningar må inngå som eit vurderingspunkt i påfølgjande arbeid med KPA.

Oppsummert meiner Statens vegvesen det er gjort mykje godt arbeid med ny samfunnsdel for Alver kommune. Som vi har synleggjort i vår høyringsuttale meiner vi det er behov for å arbeide vidare med enkelte mål og prinsipp som er presentert i dette planframlegget.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER